

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Nøtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

### Sak 5/24. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2024-27 – oppstart

#### **Saksopplysning/vurdering**

Fjellstyret sin forvaltingsplan for Aurland statsallmenning gjekk ut ved årsskiftet. For å få vedteke ein revidert plan for perioden 2024-27, bør arbeidet med planen startast no i vår. Dette har vore fast prosedyre i kvar valperiode sidan fjellstyret vedtok den første forvaltingsplanen i 1997. Det var etter oppmoding frå Norges fjellstyresamband at fjellstyret starta arbeidet med den første forvaltingsplanen. Det er fleire gode grunnar til å ha ein forvaltingsplan for statsallmenningen og fjellstyret si verksemd;

- Fjellstyret får i arbeidet med planen god kjennskap til ressursane i allmenningen, tidlegare praksis, og ansvaret for forvaltinga av allmenningen.
- Ein får eit meir langsiktig verktøy å halda seg til, og slepp å driva sak-til-sak-forvalting utan å kunna sjå sakene i eit lengre perspektiv.
- Brukarane får god oversikt over kva retningsliner fjellstyret arbeider etter, t.d. når det gjeld prosedyrar for tildeling av jakt og fiske.

Forvaltingsplanen er nokså omfattande, og er delt inn i fire hovudkapittel:

1. Naturgrunnlag og bruk
2. Plansituasjon
3. Mogleg utvikling
4. Plandel

Planen ligg på fjellstyret si heimeside og kan lesast der.

Det vil vera naturleg å gjera arbeidet med plangjennomgang og -revisjon over fleire fjellstyremøte, t.d. ved at del 1 vert tema i første møte, resten av planen i neste, før ein gjennomfører ein høyringsrunde og avsluttar med endeleg vedtak av planen. Det er i del 4, plandelen, at fjellstyret legg inn tiltak som ein ynskjer å gjennomføra i planperioden, saman med skildring av rutinar og prosedyrar innan dei ulike tema som kjem inn under fjellstyret sitt ansvarsområde.

Ein tidsplan for arbeidet med planen kan verta som skissert her:

februar 2024	mars 2024	april 2024	mai-oktober	november 2024
Vedtak oppstart	Del 1 + innspel plan	Del 2-4	Høyring	Vedtak av plan

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Nøtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 5/24, side 2.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret startar opp arbeid med revidering av forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning, med sikte på vedtak av plan hausten 2024. Melding om oppstart av planarbeidet vert lagt ut på fjellstyret si heimeside og i «Aurlendingen.» Det vert lagt opp til slik tidsplan for arbeidet:

februar 2024	mars 2024	april 2024	mai-oktober	november 2024
Vedtak oppstart	Del 1 + innspel plan	Del 2-4	Høyring	Vedtak av plan

Fjellstyrekontoret, den 1.2.24

Harald Skjerdal